



FITJAR

FJELLHEIM FUS FRILUFTSBARNEHAGE

Fitjarvegen 1255

5419 FITJAR

Dykkar ref:

Vår ref:
2020/205-2995/2020

Sakshandsamar:
John Karsten Raunholm

Arkivkode:

Dato:
29.03.2020

Administrativt vedtak

Fjellheim FUS Friluftsbarnhage AS - kommunalt tilskot til drift 2020

Saka er handsama som DS 32/20

Fitjar kommune viser til barnehagelova § 14 om kommunen si plikt til å yta tilskot til drift av alle godkjende, ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. Me viser og til rundskriv Udir-7-2014 om likeverdig handsaming ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje kommunale barnehagar. 3 åringane vert rekna som små i vårhalvåret og som store i hausthalvåret jf. artikkel frå Udir datert 30.07.2013. Viser også til forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar gjeldande frå 01.01.2016. Kommunestyret i Fitjar har i sak 74/16 vedteke lokale retningslinjer i samsvar med § 7 i forskrifta (rundskriv 7-2014).

Vedlegg1: Kopi av vedtekne lokale retningslinjer.

Følgjande vedtak er fatta:

For heile	Utbetalt	Utbetalt pr. mnd.
Året	januar – mars	april – desember
Kommunalt tilskot: kr.6.777.759,-	kr. 1.694.440,-	kr. 564.813,-

Tildelt beløp inneheld det barnehagen får i driftstilskot, kapitaltilskot, pensjonskostnadar og administrasjonskostnadar.

Dokumentasjon – vedlegg 2: Utrekning av tilskot 2020 Fjellheim FUS Friluftsbarnhage AS med grunnlag i rapport frå barnehagen om tal barn, alder og opphaldstid pr. 15.12.2019.

Grunnlag for vedtaket:

Tilskotet er rekna ut frå årsrekneskapen i 2018 for den kommunale barnehagen med innlagde pensjonskostnadar for barnehagen (13 % påslag for lønskostnadane + arbeidsgjevaravgift) Årsrekneskapen er indeksregulert med deflator for året før tilskotsåret og deflator for tilskotsåret. Kommunal deflator (3,0 % for 2019 og 3,1 % for 2020) er sett av Finansdepartementet.

Dokumentasjon - vedlegg 3: Kostnader/rekneskap 2018 for Fitjarstølane barnehage m/ pensjon.

Driftstilskotet pr. heiltidsplass pr. år er endeleg utrekna til :

For barn under tre år (fødde 2017 eller seinare): kr. 199.685,-

For barn over tre år (fødde 2016 eller tidlegare): kr. 94.701,-

Dokumentasjon - vedlegg 4: Endeleg utrekning av satsar heiltidsplassar

Pensjonspåslaget utgjer kr 25.950,- for kvar heiltidsplass for små barn , og kr 14.417,- for store barn.

Kommunen sin eigen pensjonsutgift pr. årsverk er estimert til kr 97.635,- i 2020. Dersom Fjellheim FUS

Friluftsbarnhage AS har vesentleg høgare pensjonsutgifter enn det som vert dekkja gjennom denne utrekninga, har de etter søknad krav på å få dekkja desse pensjonsutgiftene. Pensjonsavtalen må vera inngått før 1. januar 2019.

Fitjar kommune har etter § 5 i forskrifta (01.01.2016) rekna 4,3 % påslag for administrasjonskostnader.

Dokumentasjon – vedlegg 4: Utrekning av satsar heiltidsplassar.

Tilskot til kapitalkostnader er rekna ut med grunnlag i nasjonale kostnader for kapitaltilskot for 2020. Fjellheim FUS friluftsbarnhage AS er bygt før 2010 og utløyser av den grunn ein nasjonal sats tilsvarande kr 9.300,-

Rapportering av barnetal pr. 15.12.19 gir utgangspunktet for utmåling av det kommunale tilskotet for 2020. I tillegg seier vedtekne lokale retningslinjer at Fitjar kommune skal justera dette ved å nytta teljing pr. 01.08.20 om kor mange barn det faktisk er i barnehagen, alderen på barna og opphaldstida. Barnehageeigar skal dessutan melde frå til kommunen om driftsendringar (auke/reduksjon +/- 2 plassar eller meir eller større driftsendringar) som skjer gjennom året og som får verknad for allereie utmålt tilskot.

Regelverket seier at tilskotet til ikkje-kommunale barnehagar i 2020 skal utgjera 100 % av det den kommunale barnehagen har i offentleg finansiering i 2020. Dette er fylgt opp i vedtaket. Det vert teke atterhald om at kommunen kan gjera om vedtaket dersom vedtaket og/eller grunnlaget for dette inneheld reknefeil eller andre faktiske feil.

Fitjar kommune gjer merksam på at barnehageeigar som gjennom året tek imot høgare tilskot enn det barnehagen har krav på, må betala tilbake eit tilsvarande beløp – sjå forskrifta § 10.

Andre opplysningar:

Fitjar kommune har utbetalt kr 1.694.440,- i tilskot for perioden januar- mars. Resten av tilskotet vert fordelt på dei 9 attverande månadane i samsvar med vedtekne lokale retningslinjer.

I tillegg til driftstilskot, kapitaltilskot, pensjonskostnader, administrasjonskostnader og tilskot til auka pedagogisk bemanning vil Fitjar kommune kunne utbetala tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Ein føresetnad for slikt tilskot er at barnehagen har behov for ekstra midlar til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Fitjar kommune tildeler slikt tilskot for kvart halvår etter grunnjeven søknad frå barnehagen. Barnehagar vil på dette arbeidsområde kunne få tildelt personalressurs med spesialpedagogisk kompetanse i staden for økonomisk tilskot. Ressursar vert prioriterte inn mot barnehagar med størst behov i høve til tenester for barn med nedsett funksjonsevne.

Kommunale kostnader til spesialpedagogisk hjelp vert ført på eiga teneste og inngår ikkje i den ordinære drifta av den kommunale barnehagen. Kommunen refunderer inntektstapet til dei private barnehagane der foreldre har fått vedtak om redusert foreldrebetaling. Dette gjeld for 2 ordningar.

1. Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga. Ordninga går ut på at ingen skal betala meir enn 6 % av inntekta si til barnehagen (gjeld den samla inntekta til husholdninga).
2. Gratis kjernetid for 2, 3, 4 og 5-åringar. (Gjeld for husholdningar med lågare inntekt enn kr 548.500,-) Inntektsgrensa vert frå 01.08.20 kr 566.100,-.

Kommunen gir etter søknad tilskot til kompetanseutvikling i ikkje-kommunale barnehagar. Dette er då andel av midlar kommunen vert tilført via Fylkesmannen.

Det vert gjort merksam på at kommunen kan setja i verk kontroll av at tilskotsmidlane vert nytta etter føresetnadane.

Ikkje-kommunale barnehagar som tek imot tilskot, må som tidlegare fylla ut og levera rekneskapsskjema attestert av revisor. (Rapportering i september kvart år)

Klagerett:

Barnehageeigar kan klaga på dette vedtaket. Dersom du vil klaga, er fristen tre veker frå du har motteke vedtaket. Klagen må vera skriftleg og du må grunngje kvifor du vil klaga. Du sender klagen til Fitjar kommune ved skulesjefen, postboks 83, 5418 Fitjar.

Dersom kommunen ikkje er samd i klagen din, vil me senda den til Fylkesmannen, som endeleg klageinstans for vedtak etter § 14 andre ledd i barnehagelova.

Du har rett til å sjå dokumenta i saka. Dersom du alt har fått alle dokumenta i saka, skal kommunen opplysa om det.

Fristen for å klaga på eit enkeltvedtak er fastsett i forvaltningslova § 29. Regelverket for å sjå

dokument i saka finn du i forvaltningslova §§ 18 og 19.

Saka er handsama administrativt etter fullmakt frå Rådmannen i følgje delegert mynde.

Vedtaket er fatta av:

John Karsten Raunholm
Etatsjef oppvekst og kultur

Kopi: Økonomisjef Trond Salmo

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur.



713 339

633#3545:df006131-efec-474e-a5e6-0aaec90a2a0c:5



FITJAR

Lokale retningslinjer for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar i Fitjar kommune

Grunnlaget for retningslinjene:

- Barnehagelova §§ 8 og 14
- Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar gjeldande frå 01.01.2016
- Rundskriv Udir-7-2014 Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskot til ikkje - kommunale barnehagar

Rammer for tilskot:

- Forskrifta om tildeling av tilskot til private barnehagar og barnehagelova § 14 vert lagt til grunn for Fitjar kommune si sakshandsaming og vedtak om tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen.
- Fitjar kommune betaler ut tilskot til godkjende ikkje-kommunale barnehagar basert på kommunerekneskapen i den kommunale barnehagen frå to år før tilskotsåret i samsvar med forskrifta § 3.
- Satsar for tilskot vert knytt til kostnad pr. heiltidsplassar for barn over og under 3 år i den kommunale barnehagen. Satsane inkluderer et påslag på 4,3% administrasjonskostnader, jf. sentral forskrift §5. Satsane inkluderer også eit påslag for pensjonsutgifter på 13 % av lønsutgiftene i den kommunale barnehagen, fråtrekt pensjonsutgift og arbeidsgjevaravgift på pensjonsutgifta. Kommunen legg til arbeidsgjevaravgift på summen av påslaget jf. § 4 1. ledd. Barn som fyller tre år i kalenderåret vert rekna som små i vårhalvåret og store i hausthalvåret jf. § 3b i forskrifta.
- Kommunen skal fatta vedtak om tilskotssats for små og store barn til dei ikkje-kommunale barnehagane innan 31. oktober året før tilskotsåret jf. forskrifta § 9. Den endelege satsen kan bli justert på bakgrunn av eventuelle endringar i kommunal deflator og maksimalprisen.
- Fitjar kommune gjev tilskot til kapitalkostnader til private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut frå barnehagebygget sitt byggeår. Tilskotet skal bereknast etter satsar fastsett av departementet jf. forskrifta § 6.
- Tilbakebetaling av kommunalt tilskot kan gjerast i samsvar med forskrifta §13.

Vedtak om tilskot:

- Fitjar kommune v/rådmannen skal innan 31. mars ha fatta vedtak om tilskot til ikkje-kommunale barnehagar i samsvar med forskrifta §1,2,3,4,5 og 6. Vedtak om endringar i tilskot skal gjerast dersom det er grunnlag for det jf. §12 andre og tredje ledd. Dette gjeld også ev. tilbakebetaling av tilskot jf. forskrifta § 13.

Opplysningsplikt – rapportering – teljetidspunkt:

- Eigar av private barnehagar skal kvart år rapportera om antal barn, barnas alder og opphaldstid i barnehagen pr. 15. desember. Kommunen skal bruka dei private barnehagane sin rapportering frå året før tilskotsåret i utrekninga av tilskotet til dei private barnehagane jf. forskrifta § 12 1. ledd. Rapporteringa 15. desember dannar grunnlaget for utrekning av driftstilskot frå januar til juli påfølgjande år. Kommunen kontrollerer opplysningane i skjema pr. 15.12 opp mot talet barnehagen er godkjend for og godkjent areal. Dette dannar grunnlag for utmåling av tilskot året etter.
- Ikkje-kommunale barnehagar i Fitjar skal i tillegg rapportera pr. 01.08 jf. forskrifta §12 2. ledd. Rapporteringa skjer på eige skjema fastsett av kommunen. Rapporteringa 01.08. dannar grunnlaget for utrekning av driftstilskotet til dei private barnehagane for perioden august – desember.
- Ikkje-kommunale barnehagar skal i tillegg rapportera om store aktivitetsendringar, jf. forskrifta §12. Store aktivitetsendringar medfører at kommunen må berekna tilskotet til barnehagen på nytt jf. §1 2. ledd. (Auke/reduksjon av to plassar eller meir mellom teljetidspunkta vert rekna som store aktivitetsendringar)

Vilkår for kommunalt tilskot:

I medhald av forskrifta §12 vert det sett slikt vilkår for kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar:

- Dei ikkje-kommunale barnehagane i Fitjar samarbeider med kommunen om opptak av barn i barnehage for at kommunen i størst mulig grad kan oppnå full barnehagedekning gjennom året. Jf. barnehagelova §12:
- **§ 12. Samordnet opptaksprosess i kommunen**
 - *Alle godkjente barnehager i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for en samordnet opptaksprosess, der det tas hensyn til barnehagenes mangfold og egenart. Brukernes ønsker og behov skal tillegges stor vekt ved selve opptaket. Ved en samordnet opptaksprosess skal likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehager sikres.*

Moderasjonsordningar:

- Kommunen føl dei moderasjonsordningane som til ei kvar tid er gjeldande i barnehagelova.
- Kompensasjon for søskenmoderasjon/reduert foreldrebetaling/gratis kjernetid vert utbetalt til barnehagen etterskotsvis 2 gonger kvart år. Barnehagane rapporterer inn til kommunen kva kompensasjon dei har rett på.

Desse retningslinjene er gjeldande frå 01.01.2017, og vert vurderte i desember kvart år.

Tilskot basert på barnetal 15.12.2019

Fjellheim FUS Friluftsbarnehage AS

	Små born	Store born	
Satsar:			
Driftstilskot	199 685	94 701	
Kapitaltilskot	9 300	9 300	
Sum satsar	208 985	104 001	
Tal på born	18,00	29,00	
			Heilårsverknad
Utbetaling	3 761 730	3 016 029	6 777 759
Første utbetaling 2020 - første kvartal			1 694 440 kr
Rest - 9 mnd.			5 083 319 kr
Per mnd.			564 813 kr

Vedlegg 3

Konto	Konto (T)	Ansvar	Teneste	Teneste (T)	Beløp	Brutto driftsutgifter	Faktiske adm., pensjon og aga på pensjon	Grunnlag pensjonspåslag
10100	Løn i faste stillingar	3100	2210	Førskulelokale og skyss	43 544,15	kr 43 544,15		kr 43 544,15
10200	Sjukevikar	3100	2210	Førskulelokale og skyss	-	kr -		kr -
10201	Ferievikar	3100	2210	Førskulelokale og skyss	5 690,48	kr 5 690,48		kr 5 690,48
10204	Anna vikarløn	3100	2210	Førskulelokale og skyss	-	kr -		kr -
10300	Løn ekstrahjelp	3100	2210	Førskulelokale og skyss	-	kr -		kr -
10400	Overtid	3100	2210	Førskulelokale og skyss	391,94	kr 391,94		kr -
10509	Anna løn	3100	2210	Førskulelokale og skyss	1 000,00	kr 1 000,00		kr 1 000,00
10750	Løn reinhald	3100	2210	Førskulelokale og skyss	116 900,00	kr 116 900,00		kr 116 900,00
10900	Pensjon	3100	2210	Førskulelokale og skyss	21 961,66	kr 21 961,66	kr 21 961,66	
10908	Gruppeliv/ulukkeforsikring	3100	2210	Førskulelokale og skyss	38,87	kr 38,87		kr 38,87
10990	Arbeidsgjevaravgift	3100	2210	Førskulelokale og skyss	26 724,48	kr 26 724,48		
11206	Reinhaldsutgifter	3100	2210	Førskulelokale og skyss	9 329,09	kr 9 329,09		
11655	Personalforsikring	3100	2210	Førskulelokale og skyss	43,02	kr 43,02		
11800	Straum	3100	2210	Førskulelokale og skyss	58 603,10	kr 58 603,10		
11850	Forsikr.bygg anlegg utstyr	3100	2210	Førskulelokale og skyss	2 542,00	kr 2 542,00		
11950	Eigedomsavgifter	3100	2210	Førskulelokale og skyss	1 395,20	kr 1 395,20		
11959	Andre avgifter og gebyr	3100	2210	Førskulelokale og skyss	11 795,95	kr 11 795,95		
12300	Vedlikehald bygninger	3100	2210	Førskulelokale og skyss	3 386,40	kr 3 386,40		
12401	Driftsavgiftar data	3100	2210	Førskulelokale og skyss	-	kr -		
12402	Drift- og vedlikehaldsavtaler	3100	2210	Førskulelokale og skyss	2 368,00	kr 2 368,00		
12500	Materiell vedlikehald bygning	3100	2210	Førskulelokale og skyss	4 815,44	kr 4 815,44		
14290	MVA gen. komp.ordning	3100	2210	Førskulelokale og skyss	22 923,30	kr 22 923,30		
15001	Renteutgifter forseint bet.rekningar	3100	2210	Førskulelokale og skyss	157 596,76	kr 157 596,76		
15900	Avskrivning utstyr	3100	2210	Førskulelokale og skyss	-22 923,30	kr -22 923,30		
17290	Ref. for MVA pål. driftsrekn.	3100	2210	Førskulelokale og skyss				
				2210 Førskulelokale og skyss	kr 468 126,54	kr 310 529,78	kr 25 058,25	kr 167 173,50
						X2	Y2	Z2

Konto	Konto (T)	Ansvar	Teneste	Teneste (T)	Beløp	Brutto driftsutgifter	Faktiske adm., pensjon og aga på pensjon	Grunnlag pensjonspåslag
10100	Løn i faste stillingar	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	3 624 780,47	kr 3 624 780,47		kr 3 624 780,47
10200	Sjuevikar	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	20 419,09	kr 20 419,09		kr 20 419,09
10201	Ferievikar	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	18 781,49	kr 18 781,49		kr 18 781,49
10202	Løn vikar fødselspermisjon	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	259 252,60	kr 259 252,60		kr 259 252,60
10204	Anna vikarløn	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	7 812,80	kr 7 812,80		kr 7 812,80
10300	Løn ekstrahjelp	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	-	kr -		kr -
10400	Overtid	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	18 107,91	kr 18 107,91		kr 18 107,91
10501	Løn læring	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	71 794,65	kr 71 794,65		
10502	Løn støttekontakt	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	857,57	kr 857,57		kr 857,57
10509	Anna løn	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	66 502,54	kr 66 502,54		kr 66 502,54
10900	Pensjon	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	530 276,95	kr 530 276,95		
10905	Pensjon lærarar	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	595,07	kr 595,07		
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	4 572,49	kr 4 572,49		
10990	Arbeidsgevaravgift	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	620 400,77	kr 620 400,77		
11000	Kontormateriell	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	367,12	kr 367,12		
11008	Faglitteratur og abonnement	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	5 985,60	kr 5 985,60		
11053	Arbeidsmaterieill formingsaktivitet	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	3 784,35	kr 3 784,35		
11054	Leiker	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	2 125,44	kr 2 125,44		
11150	Matvarer	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	81 015,24	kr 81 015,24		
11201	Velferdstiltak	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	1 259,70	kr 1 259,70		
11207	Forbruksmaterieill	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	3 683,34	kr 3 683,34		
11302	Utgifter telefon/datakommunikasjon	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	4 961,98	kr 4 961,98		
11403	Representasjon gåver m.m.	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	521,10	kr 521,10		
11500	Kurs og etterutdanning	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	1 000,00	kr 1 000,00		
11600	Skyss/kostgodtgjersle	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	973,20	kr 973,20		
11653	Kle/verktøygodtgjersle	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	10 077,92	kr 10 077,92		
11655	Personalforsikring	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	4 919,14	kr 4 919,14		
11952	Driftsavgifter EDB program	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	4 219,00	kr 4 219,00		
11959	Andre avgifter og gebyr	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	904,00	kr 904,00		
12000	Innby/utstyr	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	8 285,52	kr 8 285,52		
12001	Kontorinventar og utstyr	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	3 567,00	kr 3 567,00		
12002	Teknisk utstyr / maskiner	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	1 380,00	kr 1 380,00		
12003	EDB-utstyr/program	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	13 744,00	kr 13 744,00		
14290	MVA gen. komp.ordning	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	24 042,71	kr 24 042,71		
16000	Brukarbetalning	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	-1 154 581,00	kr -1 154 581,00		
16900	Fordeelte utgifter	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	-47 433,00	kr -47 433,00		
17100	Refusjon sjukepengar	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	-122 757,00	kr -122 757,00		-122 757,00
17101	Refusjon fødselspermisjon	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	-131 758,00	kr -131 758,00		-131 758,00
17102	Ref. feriepengar sjukep.	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	-6 496,00	kr -6 496,00		-6 496,00
17103	Ref. feriepengar fødselsp	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	-7 797,00	kr -7 797,00		-7 797,00
17290	Ref. for MVA på driftsrekn.	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	-24 042,71	kr -24 042,71		-24 042,71
17301	Fylkestilskot lærlingeordning	2400	2010	Førskule (basis/barnehage)	-38 263,25	kr -38 263,25		
				2010 Førskule (basis/barnehage)	kr 3 887 842,80	kr 5 031 078,35	kr 605 724,97	kr 3 752 278,96
					X1		Y1	Z1

Prisjusterte driftsutgifter 2020 fordelt på små og store barn

U1	Driftsutgifter barn 0-2 år	kr	2 558 982,36	$(L * M * 1,8) / (M * 1,8 + N)$
U2	Driftsutgifter barn 3-6 år	kr	3 302 618,26	$(L * N) / (M * 1,8 + N)$
	Kontrollsum	kr	5 861 600,62	= L

Foreldrebetaling opphold

S	Heitidsplassar	kr	1 241 460,00	= $3135 * 11 * Q$
	Halvdagsplassar	kr	-	= $1725 * 11 * P$
	Sum	kr	1 241 460,00	

Prisjustering kostpenger

R	Kostpenger 2020	kr	185,84	= $175, - * 1,03 * 1,031$
---	-----------------	----	--------	---------------------------

Foreldrebetaling kostpenger

T	Heitidsplassar	kr	73 591,75	= $R * 11 * Q$
	Halvdagsplassar	kr	-	= $(R * 0,5) * 11 * P$
	Sum	kr	73 591,75	

Fordeling av foreldrebetaling

V1	Foreldrebetaling og kostpenger, barn 0-2 år	kr	395 733,17	= $((S+T)/(M+N)) * M$
V2	Foreldrebetaling og kostpenger, barn 3-6 år	kr	919 318,58	= $((S+T)/(M+N)) * N$
	Kontrollsum	kr	1 315 051,75	= S + T

Kommunal finansiering

W1	Kommunal finansiering, barn 0-2 år	kr	2 163 249,19	= U1 - V1
W2	Kommunal finansiering, barn 3-6 år	kr	2 383 299,68	= U2 - V2

Tilskuddssats drift

	Tilskuddssats drift, barn 0-2 år	kr	199 685	= W1 / M
	Tilskuddssats drift, barn 3-6 år	kr	94 701	= W2 / N

Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter i kommunale barnehagar 2018	kr	5 341 608,13	X1 + X2
- Driftsutgifter til særskilt tilrettelegging 2018	kr	-	
= Brutto driftsutgifter uten særskilt tilrettelegging	kr	5 341 608,13	
- Faktiske administrasjonstjenester, pensjon og arbeidsgivaravgift på pensjon 2018	kr	630 783,23	Y1 + Y2
= Brutto ordinære driftsutgifter i kommunale barnehagar 2018	kr	4 710 824,91	

Pensjonspåslag			Z1 + Z2
Grunnlag pensjonspåslag	kr	3 919 452,46	
Pensjonspåslag ekskl. arbeidsgivaravgift (13 % av grunnlaget)	kr	509 528,82	B*0,13
+ Arbeidsgivaravgift, 14,1 %	kr	71 843,56	C*0,141
= pensjonspåslag inkl. arbeidsgivaravgift	kr	581 372,38	C + D

Administrasjonspåslag

Brutto driftsutgifter 2018	kr	4 710 824,91	A
+ pensjonspåslag inkl. arbeidsgivaravgift	kr	581 372,38	E
= Grunnlag administrasjonspåslag	kr	5 292 197,29	A + E
Administrasjonspåslag (4,3 % av grunnlaget)	kr	227 564,48	F*0,043

Prisjustering av driftsutgifter, pensjonspåslag og administrasjonspåslag

Sum ordinære driftsutgifter, pensjonspåslag og adm.påslag	kr	5 519 761,77	F + G
Deflatorjustering 2019 (3,0 prosent)	kr	165 592,85	H * 0,030
= Grunnlag deflatorjustering 2019	kr	5 685 354,63	H + I
Deflatorjustering 2020 (3,1 prosent)	kr	176 245,99	J * 0,031
= Deflatorjusterte driftsutgifter 2020	kr	5 861 600,62	J + K

Vår 2018

	0-8 timer	9-16 timer	17-24 timer	25-32 timer	33-40 timer	41 timer eller meir	Totalt
0-2 år						10	10
3-6 år						26	26

Høst 2018

	0-8 timer	9-16 timer	17-24 timer	25-32 timer	33-40 timer	41 timer eller meir	Totalt
0-2 år						12	12
3-6 år						24	24

Vekta barnetal 2018 (vektning vår = 7/12 og høst 5/12)

	0-8 timer	9-16 timer	17-24 timer	25-32 timer	33-40 timer	41 timer eller meir	Totalt
0-2 år	0	0	0	0	0	10,83	10,83
3-6 år	0	0	0	0	0	25,17	25,17
				0,00			36,00
				P			Q

Opphaldstimar (Vekta barnetal * timar/veke * 48 veker)

Timar/veke	6	13	21	29	37	45	Totalt
0-2 år	0	0	0	0	0	23400	23400
3-6 år	0	0	0	0	0	54360	54360

Heiltdsplassar (Opphaldstimar / 45 timar per veke / 48 veker)

0-2 år	10,83
3-6 år	25,17
Sum	36,00

M
N
O